



Kjem det kraft frå Børsdalen på nettet i 2011?

**Blir det no endeleg fart i kraftverksutbyggjinga også i Uskedalsområdet? I januar vil SKL senda konsesjonssøknad til NVE om utbyggjing av eit småkraftverk i Børsdalen.**

Det vert bekrefta av Bjarte Døssland, som opplyser at det er grunneigarane i sameiget i Børsdalen som står bak planane. Men etter deira ønskje skal SKL vera eine-eigar. Det var for få dager sidan helikoptersynfaring av det aktuelle området.

- Grunneigarane kunne gjerne vera med hvis dei ville, men det ville dei ikkje, seier Kjetil Heimvik i SKL til uskedalen.no. Han opplyser at kraftverket vil få ein årleg produksjon på 17 GWh. Produksjonen vil altså bli nesten like stor som berekna produksjon i Tverrelva-verket på den andre sida av Uskedalen, som framleis ligg på is.

Det blir inntak i Fagerdalsvatnet, som ligg 526 meter over havet, medan sjølve kraftstasjonen blir lagt 150 meter over havet. Fallhøgda blir med andre ord 376 meter. Stasjonen blir liggjande innanfor kalkdoseraren og Heimvik seier at det vil vera mogeleg å kombinera kraftstasjonen med doseraren hvis det er ønskeleg.

Konsesjonssøknaden vil det truleg ta eitpar år å behandla og SKL meiner at sjølve utbyggjinga vil ta rundt eitt år. Difor er det grunn til å tru at krafta frå Børsdalen ikkje kan koma på nettet før i 2011.

Av Ola Matti Mathisen